

Kompetansemål

Etter 4. årssteget

Historie [Omtale av hovudområde](#)

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke omgrepa fortid, notid og framtid om seg sjølv og familien sin
- presentere historiske emne ved hjelp av skrift, teikningar, bilete, film, modellar og digitale verktøy
- skape forteljingar om menneske i fortida og snakke om skilnader og likskapar før og no
- utforske kjelder og bruke dei til å lage etterlikningar av gjenstandar frå fortida
- fortelje om sin eigen familie for ein til to menneskealdrar sidan, og om korleis levevis og levekår har endra seg
- kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke
- gje att mytar, segner og eventyr med historisk innhald
- beskrive korleis steinalderfolk levde som jegerar og samlarar, ved å fantasere rundt dei første menneska som kom til landet vårt etter istida
- fortelje om samane, urfolket i Noreg, og om sentrale trekk ved kulturen og levekåra til samane fram til vikingtida
- fortelje om korleis jordbruket forandra levemåten i Noreg og Norden og beskrive hovudtrekk ved bronsealderen og jernalderen
- forklare kvifor ein feirar 17. mai og 6. februar og fortelje om nasjonaldagane til andre land

Geografi [Omtale av hovudområde](#)

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- setje namn på og plassere heimstaden, heimkommunen, heimfylket og landet sitt på teikningar, kartskipar eller modellar
- beskrive landskapsformer og geografiske nemningar ved å utforske landskapet nær skulen og heimen
- bruke bilete, film og andre kjelder for å fortelje om viktige landskap og landskapsformer i Noreg
- samle opplysningar frå globus, kart og digitale kjelder og bruke dei til å samtale om stader, folk og språk
- peike ut verdshav og verdsdelar og bruke sentrale geografiske omgrep
- peike ut og orientere seg etter himmelretningar og gjere greie for kvifor det er tidsskilnader
- samanlikne liv og virke i Noreg og i nokre andre land
- planleggje og presentere reiser til nære stader ved hjelp av kart og Internett

Samfunnskunnskap [Omtale av hovudområde](#)

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

gjere samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere resultatane av undersøkingane

- finne fram i trykte og digitale medium, sortere innhaldet i kategoriar og produsere materiale som kan publiserast
- følgje enkle reglar for personvern når ein bruker Internett
- samtale om oppgåvene til familien og om variasjonar i familieformer, inkludert åleineforsørgjarfamiliar, storfamiliar, familiar der dei føresette har same kjønn, og familiar med fleire sett føresette
- gje døme på ulike forventningar til gutar og jenter og drøfte korleis forventningane kan opplevast
- beskrive pengebruken til jenter og gutar og samtale om forhold som påverkar forbruk
- lage ei oversikt over normer som regulerer forholdet mellom menneske og samtale om konsekvensar ved å bryte normene
- utforme og praktisere reglar for samspel med andre og vere med og ta demokratiske avgjersler i skulesamfunnet
- samtale om toleranse og om korleis møte mellom ulike kulturar kan vere både gjevande og konfliktfylte
- drøfte oppfatningar av rettferd

ÅRSPLAN I SAMFUNNSFAG FOR 2.TRINN –2010/2011

Læreverk: "Gaia"

Lærer: Inger Nødtvedt Haugland

Hovedemne	Læreplanmål Elevene skal kunne (sitat frå K -06)	Kapittel og emne i læreboka	Tid	Her kan du lære
Samfunnskunnskap	Samtale om opp-gåvene til familien og om variasjonar i familieformer, inkludert åleineforsørgjarfamiliar, storfamiliar, familiar der dei føresette har same kjønn, og familiar med fleire føresette.	Kap. 1: Familien	Aug. – okt.	Om familiar før og no. Om ulike typar familiar. Om oppgåvene til familien
Historie	Bruka omgrepa fortid, notid og framtid om seg sjølv og familien sin. Fortelje om sin eigen familie for ein til to menneskealdrar sidan og om korleis levevis og levkår har endra seg. Skape forteljingar om menneske i fortida og snakke om skilnader og likskapar før og no.	Kap.2: Familien	Aug. – okt.	Som ovanfor.
Samfunnskunnskap	Kunne gjere samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere resultat av undersøkinga.	Kap.4: Vi reiser på kartet.Kap.	Nov.-jan.	
Samfunnskunnskap	Kunne finna fram i trykte og digitale medium, sortere innhaldet i kategoriar og produsere materiale som kan publiserast.	Kap.7: Bøker, aviser og teikneseriar.	Mars - April	Om bøker. Aviser og teikneseriar.